

<b>Friidrett</b> Sesongstart i dag	<b>12</b>
<b>Fototips</b> På orrfugleik med Liodden	<b>21</b>
<b>Hobby</b> Humlens liv	<b>22-23</b>

**VALDRES MEINER:** Mer enn erkjennelser og fakta preges landskapet av kaos og dilemmaer. Vegen til et tungt og enhetlig borgerlig samarbeid, der Frp er med, synes lang og kronglete.

side 6

[www.avis-valdres.no](http://www.avis-valdres.no)

Med hjarte for Valdres

## Spekekjøt utan salt

Ny skulestruktur

SIDE 8-9

### Direktør skifter beite

Ted Meier Hansen slutter som direktør ved Quality Hotel & Resort Fagernes for å flytte til København. Samtidig fortsetter hotellet sin satsing på helse og velvære, og i løpet av høsten skal blant annet Aktiviteket flytte inn i hotellets underetasje.

SIDE 3 og 9



**UTAN BRUNST:** Ved bedrifta Fjell & Fjord Mat i Røn prøveproduserer Anna Ragnhild og Erik Berge blant anna vêr-lâr utan brunstsmak. FOTO: Helge Gudheim

Valdresbedrifta Fjell & Fjord Mat AS har teke i bruk ein ny modningsmetode for kjøt. Biotricaprosessen gir mørt spekekjøt på kort tid. Same metoden ligg bak produktet fløyelsfisk, som alt er i produksjon.

SIDE 4-5

## 100.000 til speidere og skileik

To ganger i året deler Sparebankstiftelsen DnB NOR av sitt overskudd til allmenntilgjengelige formål. Vårens tildeling gjorde Leira speidergruppe 20.000 kroner rikere, mens Skrautvål idrettslag fikk 80.000 til ny skileikarena.

SIDE 11



■■ Hytte – Nord-Aurdal

 TERRA  
Hytte  
megleren


Visning i dag og i morgen

 Kruk, nær Nythun  
Høyfjellsstue

■ Tomteareal: Ca. 2.320 kvm  
■ Bta/Boa: 40/38 kvm.  
■ Prisant: 450.000,- + omk.

■ Visning: 20/5 og 21/5, kl. 12 – 14  
■ Internett: www.finn.no  
■ Megler: Oddny Fystro, tlf. 61 36 66 30 · 909 99 481

 ■■ [www.valdres-eiendom.no](http://www.valdres-eiendom.no) · Tlf: 61 36 66 33

■■ Markensdag – Vang onsdag 21. juni

Vang Sparebank ønsker også i år å kunne bidra til en aktivitetsdag/markensdag i Vang.

Vi inviterer spesielt næringsdrivende i Vang kommune til å bli med. Vi har plass til 15-20 bedrifter som kan vise/selge sine produkter. Vi satser på fint vær og mye folk slik som i 2005.

**Påmelding innen torsdag 8. juni på tlf. 61 36 76 00 eller post@vang-spb.no**

Blir det stor oppslutning vil vi forbeholde oss retten til å begrense det til de første 20 som melder seg på.



Bilde fra 2005

 ■■ [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no) · Tlf: 61 36 76 00



## VI BARE SPØR

Kva synest du om vegane i Valdres?



**Ole Vidar Størdal (40), seljar, Fagernes**

Dei er ikkje så veldig bra, dei kunne vore litt breiare. Den kommunale vegen opp mot Marsteinhøgda burde utbetrast.



**Anna Rustøe (54), reinhaldar, Vestringsbygda**

Eg synest vegane er fine, det er ikkje så mykje å klage over.



**Ragnvald Kvien, pensjonert drosjeeigar, Ryfoss**

Eg synest vegane i Valdres burde vore betre. Særleg E16 før Filefjell. Til å v era europaveg er det jammen ein dårleg veg.



**Ove Ekerbakke (32), kundebehandlar, Skammestein**

Det trengst vel nokre forbetringar over heile linja, det er ganske dårleg overalt.

**Tider går og tider kjem...** Dette er spalta for gamle minnebilet. Bilete av gamle bygningar eller landemerke, som kanskje er erstatta av eit nytt, eller det kan vera bilete frå forskjellige arbeidssituasjonar med vidare. Har du gamle bilete å bidra med, ta kontakt med redaksjonen, e-post: redaksjonen@avisa-valdres.no, eller kontakt journalist Helge Gudheim, direktetlf. 61 36 42 63. Alle med bilete på trykk får Flax-lodd.

## DET VAR EIN GONG

# Rivaliserande soldatvener

**To staute vangs-soldatar anno (cirka.) 1869 trekkjer vi fram i denne spalta i dag. Historia fortel at dei to kameratane etter kvart fridde til den same jenta.**

Det er Trond B. Hamre (86) i Lomen som har lånt oss biletet av dei to soldatane i norsk hæruniform frå slutten av 1860-talet. Dersom biletet er teke i 1869, var dei baa 20 år gamle.

### Nære vener

Begge karane var frå Vang, og det seiest at dei skal ha vore kameratar og nære vener. Men det vart visst visse riper i den lakken etter kvart. Karen til venstre er Ola Gulliksen Berge (1849-1941) frå Berge i Vang hovud-sokn, medan karen til høgre er Knut Endreson Holien (1849-1927) frå Høle på austsida av Vangsmjøsa i Øye.

Trond B. Hamre fortel nemleg at dei to karane vart glade i den same jenta, ho Guro Andersdotter Nystøga (1854-1946). Begge fridde til henne, men to karar kan som kjent ikkje ha den same kjerringa i vår kultur, og Trond fortel at det var Holien-karen som trekte det lengste strået og danka ut han Ola frå Berge.

Knut gifta seg med Guro i 1877, og paret fekk ni barn. Dei overdrog garden Holien (Høle) til sonen Endre i 1916. Trond B. Hamre er eitt av barnebarna deira.

Men han Ola frå Berge ser ikkje ut til å ha gjeve opp ekte-skapstankane sjølv om ho Guro frå Nystøga glapp. Og alt året før rivalen vart gift med henne, vart han sjølv gift med Marit Knutsdotter (1850-99) frå Nerre Hauge i Lomen i Vestre Slidre. Dei dreiv fyrst Berge i Vang fram til 1895, då dei tok over hennar heimgard og flytte til Lomen.



**VENER OG «KRIGARAR»:** Ola Gulliksen Berge (t.v.) og Knut Endreson Holien var kameratar i det militæret, men hamna etter kvart i indre strid då dei vart glade i den same jenta. Seinare i livet førde lagnaden til at dei vart nær gifteskyld.

Dei fekk ti barn.

### Swigerfedre

Men historia sluttar ikkje med dette. Gards- og ættesogene i Vang og Vestre Slidre fortel at dei to «rivalane» kom til å møtast i ekte-skapleg samanheng også seinare i livet – som swigerfedre.

Eldste dotter hans Knut, ho Ragnhild Knutsdotter Holien (1878-1957), var gift med eldste sonen hans Ola, Gullik Olsen Berge (1878-1947). Dei overtok Hau-

ge i 1908, og vart altså foreldra til mellom andre Knut Hauge.

Enkelte meiner at Knut Hauge har brukt historia om dei to soldatkameratane som kriga om den same jenta i ein av romanane sine. Men son hans, Gunnar Hauge, som altså er oldebarn til dei to soldatane, seier han ikkje kan minnast dette motivet frå romanane til faren.

### Helge Gudheim

helge.gudheim@avisa-valdres.no 61364263

## VALDRES 1906

### Tirsdag 22. mai

Efter forlydende vil ingeniør Brinck – den tidligere disponert ved A/S Valdres Skiferbrud - begynde forsøgsdrift i et av sine indkjøbte felter. Der bygges nu en barakke deroppe til bolig for arbeiderne, og en mindre arbejdsstok skal være engageret.

## VALDRES 1926

### Torsdag 20. mai

Fra Aardal telefoneres til «Valdres»: Alt arbeide ved Tynfaldene er stanset. Timelønnen var kr. 1,35 og Tynfaldene forlanger et nedslag paa 25 pst. En del av arbeiderne som ikke var hjemmehørende i Aardal, er allerede reist fra stedet.

## VALDRES 1946

### Torsdag 23. mai

Et nytt og velkomment trekk i bygdebildet i Volbu er arbeidet som pågår med utbedring av vegen forbi kirken, over torget i den ene retning forbi Onstad og i den andre over torget til Stofoss. Den 50 år gamle vegen har lenge vært elendig.

## VALDRES 1966

### Lørdag 21. mai

I samsvar med vedtak i Bagn og Dølven krinsar og skulestyrevedtak har kommunestyret i Sør-Aurdal samrøystes gått med på at elevane frå Dølven krins blir overførte til Bagn frå kommande haust.

## VALDRES 1986

### Onsdag 21. mai

Forfattaren Knut Hauge har fått ei fin påskjøning same månaden som han rundar 75 år. Svenska Akademien har tildelt han den norske delen av Dobloug-prisen. Denne prisen heng svært høgt, og han er på 30.000 svenske kroner

## VALDRES

Skrautvålsvegen, postboks 54, 2901 Fagernes

Sentralbord **61 36 42 00**

Avishusets ekspedisjonstid:

Vanlige virkedager kl. 8.00-16.00 Lørdager stengt.

Telefaks redaksjonen: 61 36 42 51

E-post: redaksjonen@avisa-valdres.no

Telefaks annonse/abo.avdelingen 61 36 42 11

E-post: annonse@avisa-valdres.no

E-post: abo@avisa-valdres.no

Tipstelefon: 47 64 00 00

Telefon utenom kontortid:

Redaksjon/ekspedisjon ..... 61 36 42 00

Vakttelefon redaksjon ..... 47 64 00 00

Teknisk avdeling ..... 61 36 42 29

### Redaksjonen:

Galaen, Einar, vaktstjef	61 36 42 72	Privat: 61 34 13 34
Gudheim, Helge, journalist	61 36 42 63	Privat: 61 36 31 84
Heggen, Egil, journalist	61 36 42 76	Privat: 61 36 04 16
Karsrud, Bjørn, journalist	61 36 42 61	Privat: 61 36 25 56
Moen, Torbjørn, redaktør	61 36 42 53	Privat: 61 34 37 23
Mære, Kjell, journalist	61 36 42 58	Privat: 61 36 33 77
Skogheim, Tor H., journalist	61 36 42 64	Privat: 61 34 05 11
Stensby, Morten, nyhetsleder	61 36 42 59	Privat: 61 36 37 67
Strande, Kåre, journalist	61 36 42 62	Privat: 61 36 17 51
Strande, Mona, journalist	61 36 42 60	Privat: 916 92522
Westgård, Magni, journalist	61 36 42 57	Privat: 61 34 42 85

### Annonseavdelingen:

Esp, Robert, markedsstjef	61 36 42 15	
Berntsen, Maj-Britt	61 36 42 16	
Bolstad, Svein Ove,	61 36 42 14	
Rønning, Terje	61 36 42 17	

### Trykkeri:

Glitten, Sigrun B.	61 36 42 93	Privat: 481 55013
Halvorsen, Helge	61 36 42 05	Privat: 61 36 16 68
Aarø, Svein Arild, selger	61 36 42 06	

### Administrasjon:

Hovi, Elin	61 36 42 82	
Martinsen, Tom Ø., adm.dir.	61 36 42 81	Privat: 61 36 14 42

E-post: einar@avisa-valdres.no	
E-post: helge.gudheim@avisa-valdres.no	
E-post: egil@avisa-valdres.no	
E-post: bjoern@avisa-valdres.no	
E-post: torbjorn@avisa-valdres.no	
E-post: kjell@avisa-valdres.no	
E-post: tor.harald@avisa-valdres.no	
E-post: morten@avisa-valdres.no	
E-post: sporten@avisa-valdres.no	
E-post: mona@avisa-valdres.no	
E-post: magni@avisa-valdres.no	

E-post: robert@avisa-valdres.no	
E-post: maj.britt@avisa-valdres.no	
E-post: svein.ove@avisa-valdres.no	
E-post: terje@avisa-valdres.no	

E-post: sigrun.beathe@valdres-trykkeri.com	
E-post: helge@valdres-trykkeri.com	
E-post: svein.arild@valdres-trykkeri.com	

E-post: elin@valdres-trykkeri.com	
E-post: tom@valdres-trykkeri.com	

### Abonnementspriser

Pr. år .....	kr. 1435,00
Pr. termin (4 mndr.) .....	kr. 545,00
Portotillegg til utlandet.	
Bankgiro .....	2070.05.01818

### Annonsepris pr. m.m.:

Alle priser er uten mva.	
Annonse side .....	kr. 735
Tekstside .....	kr. 11,35
1. side .....	kr. 18,50
3. side .....	kr. 13,70
Siste side .....	kr. 14,35
Tillegg for standard farge pr.m.m. ....	kr. 2,00
Avisa trykkes i offset og kan ta annonser i svart + tre farger .....	kr. 4,80

### Annonsefrister:

Til tirsdagsavisa, torsdag kl. 14.00	
Til torsdags-, fredags- og lørdagsavisa kl. 14.00 tre dager før innrykk.	
Rubrikkannonser seinest kl. 14.00 to dager før innrykk.	
Gjennomsnittlig netto opplag 2005: <b>9.675</b>	

Trykt i Valdres Trykkeri



## MEIER HANSEN TIL KØBENHAVN

# Direktørskifte på hotellet

«Jeg føler det er på tide med litt nye impulser både for meg sjøl og hotellet.»

Ted Meier Hansen

**Ted Meier Hansen slutter som direktør ved Quality Hotel & Resort Fagernes. En etterfølger er ennå ikke på plass.**

En endelig dato er ikke bestemt, men i løpet av kort tid vil Ted Meier Hansen flytte til København for å drive et hotell innenfor Quality-kjeden der.

– Jeg føler det er på tide med litt nye impulser både for meg sjøl og hotellet, sier Meier Hansen.

#### Tunge år

Han mener at det nå er et riktig tidspunkt for direktørskifte.

– Det er med tungt hjerte vi flytter, for vi har trivdes veldig godt i Valdres, sier Meier Hansen.

Samtidig legger han ikke skjul på at de siste årene har vært tunge.

– Det har vært tungt for hotellbransjen generelt de siste årene. Vi opererer i et veldig konkurranseutsatt marked, og det sliter på når hotellet vil framover men det ikke finnes penger til nødvendig utvikling, sier han.

#### Ikke bare hotell

Imidlertid har Quality Hotel & Resort Fagernes nylig fått en del penger til vedlikehold, noe som vil gi den nye direktøren muligheten til å jobbe videre med et oppgradert produkt i så måte.



**Slutter:** Hotelldirektør Ted Meier Hansen slutter på Fagernes, til fordel for ny jobb og nye impulser i København. FOTO: Tor Harald Skogheim

– Men det holder ikke å bygge ut eller pusse opp. Man må vite hvilke tilbud folk vil ha, og bruke de mulighetene vi har i Valdres fra naturens side. For å trekke folk i dag kan man ikke bare tenke hotell, men også region og resort, sier Meier Hansen.

Han håper den nye direktøren vil gripe fatt i dette, og videreut-

vikle de ideene det allerede jobbes med ved hotellet på Fagernes.

#### Nisjesatsing

– Hotellet skal satse videre på velvære, og gjennom et prosjekt vi har gitt arbeidstittelen «Base Camp» håper vi å kunne tilby et bredt spekter av fritidsaktivite-

ter, hvor alt fra familieturer til ekstremsport står på tapetet. I tillegg vil vi satse enda mer på vårt matkonsept, med lokalproduserte råvarer og produkter, sier Meier Hansen.

Stillingen som direktør er ennå ikke utlyst.

– Den vil bli utlyst i løpet av få dager, men vi er allerede på ut-

kikk etter gode kandidater til jobben, sier den avtroppende direktøren.

#### Mona Strande

mona@avisa-valdres.no



Bredbåndsmontør hjem - gratis!

Bestiller du bredbånd i mai, kommer vi hjem til deg og monterer - gratis!

03370
eidsiva.net
Vi tilbyr bredbånd fra kun kr 279,- per måned. For vilkår se www.eidsiva.net



**Eidsiva bredbånd**  
– tillit og litt til

Kampanjeperiode mandag - lørdag

Ukestilbud fra Meny



Frihet til å velge



**Flinstek**  
naturell, pr kg  
(marinert 69,90 pr kg)

49<sup>90</sup>

Foto: Opplysningskontoret for kjøtt



**Moreller**  
store kjøttfulle fra California, pr hg  
(129,00/kg)


12<sup>90</sup>



**Potetsalat**  
pr hg  
Fra vår delikatessedisk  
(39,00/kg)


3<sup>90</sup>

Foto: Mediateam



**Evergood kaffe**  
kok/filtermalt, 250 g  
(51,60/kg)

12<sup>90</sup>



**Grillørret**  
pr kg

79<sup>90</sup>



## BIOTRICA-PROSESSEN FJERNAR FARLEGE BAKTERIAR OG BRUNSTSMAK

# Huldrekjøtt

## – spekekjøtt på ny måte

**Fjell & Fjord Mat AS i Røn overfører no biotrica-prosessen frå fløyelsfisk til kjøtt – og lagar grav-raka «huldrekjøtt». Prosessen fjernar også brunstsmak.**

I vinter lanserte Anna Ragnhild og Erik Berge *fløyelsfisk*. Lær deg like godt namnet *huldrekjøtt* – det er same prosessen brukt på kjøtt. Alt kjøtt kan også grav-rakast på denne måten. Resultatet blir eit mildt og møyrt kjøtt som til lengre prosessen går, blir meir smørbart.

Ei av dei verkeleg store nyvinningane kan vera at biotrica-prosessen også fjernar brunstsmak. Dette er særleg interessant i samband med kastreringsforbodet som kjem på gris frå 2009. Det kan også vera ei nyvinning i forhold til farlege e.coli-bakteriar.

### Huldrekjøtt

– Dersom ein fekk kasta stål over ei hulder, vart det ei grepa kjerring – som drog mykje pengar til gards. Vi knyter fenomenet hulder til det ukjende, mystiske, spanande og lokkande. Difor har vi valt å kalle kjøtt som er behandla på denne måten, for hul-

**«Blir det arbeidsplassar og bedrifter utav dette, ynskjer vi at dei skal liggje her i Valdres. Vi har hatt ein del følarar ute, men det er førebels ingen som står klare til å overta.»**

Anna Ragnhild og Erik Berge.

drekjøtt – og fått namnet verna. Dette er ein ny måte å speke kjøtt på – med fermentering (raking), seier Erik Berge.

Han og kona, Anna Ragnhild, har no vidareført biotrica-prosessen til fleire typar kjøtt. I løpet av mellom ein og fire månader kan dei framskaffe ferdig, møyrt spekekjøtt utan bruk av salt.

Det tradisjonelle er at saltet konserverer spekemat, medan det i biotrica-prosessen er søtstoff som gjer jobben ved at det utløyser aktiviteten til mjølkesyrebakteriar. Bakteriane et opp karbohydratane, og prosessen går over i fermentering. Det skjer i vakuum. Til slutt blir kjøttet turka, og er ferdig til eting. Det blir også tilsett litt salt i prosessen, men berre for å gje smak.

### – Heilt ukjent

– Å speke kjøtt heilt utan salt, er heilt nytt for meg – og særst interessant. Det er også heilt nytt at ein kan fjerne råne- eller brunstsmak frå kjøtt på denne måten, seier seksjonssjef Per Berg i Norsk Kjøtt. Han er ein av dei som kan mest om spekemat her i landet.

Han seier salt hemmar enzymaktiviteten, medan sukker aktiviserer mjølkesyrebakteriane.

– Der mjølkesyrebakteriar får verke, overdøyver det nær sagt alt anna av skadelege bakteriar – til dømes også den frykta e.coli.

Det er difor det blir tilsett startkultur i mykje spekematproduksjon. Desse startkulturane er mjølkesyrebakteriar, seier Per Berg.

### Fjernar brunstsmak

– Det vi også har erfart, er at Biotrica-prosessen fjernar lukt av brunst, som mange kjønnsmodne hanndyr får. Dette har vi prøvd både på kjøtt av elg, sau og gris – og det ser ut til å fungere. Vi tok inn eit lår av ein vaksen vêr – og det lukta skikkeleg stramt. Det gjorde også væska som rann av låret, men lukta forsvann frå det ferdig speka låret, seier Erik Berge.

Prosessen møytnar også kjøttet, og seig lårtinge får fin tyggjekonsistens etter grav-rakinga.

### Storindustri?

I fjor lanserte Fjord & Fjell Mat storfekjøtt under namnet «Serrano-snacks», seinare omdøpt til «Fjellgjøtt». Før sumaren kjem det på nytt ut i butikkane. Dette kjøttet har gjennomgått biotrica-prosessen. Større produksjon av fleire variantar huldrekjøtt ligg litt lenger fram i tid. Og kven som skal starte industriell produksjon, er ikkje avklara.

– Eg trur dette kan bli storindustri, seier Anna Ragnhild Berge, og Erik supplerer med at fleire har sagt at kjøttet truleg har eit endå større potensial enn fisken.

– Om vi ikkje får att pengane vi har satsa på dette, har vi i alle fall hatt mykje moro, og stor glede ved å utvikle noko. Blir det arbeidsplassar og bedrifter utav dette, ynskjer vi at dei skal liggje her i Valdres. Vi har hatt ein del følarar ute, men det er førebels ingen som står klare til å overta, seier Anna Ragnhild og Erik Berge.



**Ukjent:** For fagsjef Per Berg i Fagsenteret for kjøtt i Oslo er det heilt nytt og ukjent at ein kan speke kjøtt utan å bruke salt.

### Mildt og mjukt

«Valdres» fekk nyleg smaka eit utval av «huldrekjøttet» – slik som heil og utbeina skinke, lårtinge, fenalår av vaksen vêr og ikkje minst lår av reinsdyr. Alle typane var milde og velsmakande, men særleg reinsdyrkjøttet var i ferd med å gå over i mjuk og nesten smørbar konsistens, med eit snev av søt smak.

Vi oppdaga også krystalliserte protein-prikkar i ei av skinkene – speka berre i nokre få månader. I vanlege skinker blir slike prikkar fyrst utvikla etter eitt eller to år.

Det karakteristiske ved huldrekjøttet er at det er mjukt og fint ei stund etter at ein skjer det opp, men at det relativt snøgt blir turt og hardt. Det treng lagring i plast.

**ALLE SLAG:** Alle slag kjøtt kan grav-rakast og bli til «huldrekjøtt». Her syner Anna Ragnhild og Erik Berge fram eit utval fenalår, lårtinger, utbeina og heile skinker og eit lår av reinsdyr.



## Millionfors mot rånesm

Som einaste land i verda har Norge innført kastreringsforbod på gris i Norge frå 2009.

Millionar blir no brukt for å «forske bort» den komande rånesmaken.

Årsproduksjonen av gris her i landet er på om lag 1,3 millionar dyr. Halvparten av dei blir fødte som hannar – og blir i dag kastrerte som smågrisar, slik at dei ikkje skal utvikle råne- eller brunstsmak i kjøttet når dei blir kjønnsmodne. Få vil ha slikt kjøtt, og det blir i dag berre betalt med halv pris.

Standard slaktegris er fem månader gammal når han blir slakta. Forsking syner at rånesmaken hjå ukastrerte grisar utviklar seg frå tremånaders alder og oppover. Ikkje alle hanngrisar får rånesmak, men dei med mest rånesmak er også dei mest potente med tanke på å føre slekta vidare. Avlar ein bort ranelukta, går det ut over fruktbarheita – både hjå hannen sjølv og avkomma hans, også purkene.

Dette fortel Bente Fredriksen ved Fagsenteret for kjøtt. Ho er prosjektleiar for praktiske tiltak knytt til ein del av ranelukt-pro-



**MØYR LÅRTUNGE:** Lårtinge er ein seig muskel, som også blir mjuk og møyr etter grav-rakinga.



**UTAN BRUNSTSMAK:** Dette vèrelåret lukta då det kom inn i bedrifta, men vèrsmaken «rann av» i prosessen.





## DETTE ER BIOTRICA

- Biotrica er namnet på prosessen som i løpet av fleire år er utvikla av Harald Berge, Spania, og Anna Ragnhild og Erik Berge, Vang. Dei to siste eig bedrifta Fjell & Fjord Mat AS i Røn.
- Biotrica er ein biologisk prosess som reinsar maten, forsterkar fargen og aukar haldbarheita. Dette er i realiteten ei grav-raking.
- Rå fisk eller rått kjøtt blir lagt på rist i kjølerom – med ei blanding av fire-fem sukkertypar oppå. Etter nokre døgn har mykje vatn, feitt og andre stoff runne av maten. Sukkeret aktiviserer mjølkesyrebakteriar i fisken/kjøttet. Dette er graving.
- Deretter blir maten lagt rett inn i vakuum ei tid – avhenging av kor store stykka er. Då skjer det ein begynnande fermenteringsprosess (raking). Så er fisken ferdig, medan kjøttet må turkast for å få ein meir spet konsistens.
- Etterpå kan ein tilsetja røyksmak, salt og krydder etter ynske. Til slutt blir maten vakuumert på nytt. Særleg kjøttet får lang haldbarheit.
- Biotrica-prosessen er patentert av Fjord & Fjell Mat AS i EU-landa, Canada, USA, Russland, Kina, Japan, Australia og Norge.

## king mak

## – Heilt ny kjøtt- behandling

## Fløyelsfisk i produksjon

blematikken. Ho fortel at det ved utgangen av dette året vil vera brukt mellom 20 og 25 millionar kroner på fem forskingsprosjekt i saka. Nye 27 millionar kroner er tenkt brukt i fase to for å redusere rånesmaken når kasseringsforbødet blir innført.

– Eg synest forsøket i Valdres høyrest spanande ut, men det kan vel ikkje bli anna enn ein nisje i den store samanhengen. Ja, for det kan bli litt mykje «rånekjøtt» å ta hand om som speke-mat. Vi ynskjer også å kunne tilby ferskt svinekjøtt til forbrukarane etter 2009, seier Bente Fredriksen.

650.000 slaktegriser, kvar på 75 kilo, representerer nemleg 48.750 tonn kjøtt, eller over 48 millionar kilo...

– Men interessant er det, og bedrifta i Valdres må teste skikkeleg på om rånesmaken verkeleg forsvinn frå svinekjøttet i prosessen deira, seier Bente Fredriksen.

– Dette er ein heilt ny måte å behandle kjøtt på. Og dersom brunstsmak forsvinn, er dette revolusjonerande, seier seniorinspektør Kristin Bakke Lajord i Mattilsynet for Valdres.

– Eg kjenner ikkje til andre som har behandla kjøtt på den måten som dei gjer i Fjell & Fjord Mat – og speker utan bruk av salt. Eg oppfattar dette som ein heilt ny måte, og eigentleg går ikkje dette kjøttet heilt an å samanlikne med annan speke-mat, held Bakke Lajord fram.

Ho seier det også er spesielt at ein kan få fram eit ferdig speke-matprodukt berre etter få månader – og at det har nær sagt ubegrensa haldbarheit.

– Eg synest det verkar spanande. Eg må seia eg beundrar Berge-paret for det dei gjer, og synest det er offensivt å satse på noko som er nytt.

Kristin Bakke Lajord stadfestar at både framstillingsmåten av fløyelsfisk og det tidlegare Serrano-snacks er godkjende frå Mattilsynet, og at bedrifta eigentleg ikkje treng ytterlegare godkjenning for å produsere for sal.

– Men det kjem litt an på distribusjonen og salsmåten om bedrifta også treng autorisasjon, seier Kristin Bakke Lajord.

Fløyelsfisken til Fjell & Fjord Mat AS blir no sett i produksjon. Fisken er alt ute i to butikkar i Valdres, og utover sumaren blir produksjonen auka i Røn.

Anna Ragnhild og Erik Berge seier dei kan produsere opptil eitt tonn fløyelsfisk i veka i lokalet i Røn. Dei arbeider med fleire salskanalar, og vil auke produksjonen sakte utover sumaren. Innehavarane arbeider sjølve på full tid i bedrifta, og fortel at dei utpå ettersumaren kjem til å tilsetja to-tre personar til for å kunne auke produksjonsvolumet.

Laks og aure blir kjøpt frå oppdrettsanlegg ved kysten og kjem frosen til Røn. Fløyelsfisken vil bli fram boden i fire smaksvariantar: aure og laks i urøykt og røykt versjon. Røyksmaka blir tilsett etter at fisken har gjennomgått biotrica-pro-

sessen. Fisken blir ikkje røykt, men tilsett eit amerikansk røykprodukt, som er konsentrert, reinsa og økologisk røyk, som ein kan blande ut i vatn og dusje på produkta.

Anna Ragnhild og Erik Berge har også planar om eksport av fløyelsfisken, og arbeider med søknaden om å få produktet godkjent i EU. I utlandet vil fløyelsfisken bli marknadsført under namnet «Sea silk».

**Helge Gudheim**

helge.gudheim@avisa-valdres.no



KJEM UT TYSDAG, TORSDAG,  
FREDAG OG LAURDAG

# VALDRES

UAVHENGIG LOKALAVIS – GRUNNLAGT 1903

Ansvarlig redaktør og adm. direktør **TOM Ø. MARTINSEN**

Redaktør **TORBJØRN MOEN**

Nyhets- og reportasjeleder **MORTEN STENSBY**

Enig, uenig? Send e-post:

redaksjonen@avisa-  
valdres.no

VALDRES  
MEINER

## SYN & SAK



Eg skulle ynskje at dei som sit med makta, var litt modigare. Modige nok til å seie at dei ikkje kan og veit alt, modige nok til å innrømme feilvurderingar og mislykka opplegg. Då ville de kanskje oppleva at innbyggjarane var romslege og rause tilbake og kunne tilgje både tapte kampar og bom på ballen.

Kirsten Inga Kamrud

lærer/skribent, Ulnes

## Borgerlig kaos

**Partisamarbeidet** i norsk politikk er i endring. Etter dannelsen av den rød-grønne regjeringen, har opposisjonen på Stortinget framstått mer kraftløs og splittet enn på lenge. Det er åpenbart at den borgerlige siden i norsk politikk, les dagens opposisjonen, er på leiting etter ny plattform og nye samarbeidsrelasjoner. De siste ukenes landsmøter i Framskrittspartiet og Høyre har satt fart i debatten omkring et framtidig borgerlig samarbeid. Landsmøtene demonstrerer også med tydelighet den frustrasjonen som rår. Frp synes allerede betingelsesløst å være klar for et bredt borgerlig samarbeid, mens Høyre nærmer seg sakte.

**Men samtidig** preges den borgerlige siden i norsk politikk i øyeblikket av mer kaos enn på lenge. Venstre har blankt avvist å samarbeide i en regjering der Frp deltar, og KrF har kommet med sterke utsagn om det samme. Refleksjonen til veteranene Kjell Magne Bondevik og Aps Thorbjørn Jagland i helga om et mulig samarbeid mellom Ap og KrF gjør situasjonen ytterligere forvirrende. Det faktum at Ap ikke lenger klarer å etablere flertallsregjeringer, har åpna for historisk regjeringssamarbeid med andre partier, også de borgerlige, les Sp. Det burde ikke være noe mer til hinder for at Ap samarbeider med KrF enn med Sp, strengt tatt.

**Det er tre år** til neste valg og ennå rimelig tid til å utvikle nye konstallasjoner. I mellomtida kommer også et kommune- og fylkingsvalg som kan påvirke prosessen. Mer enn erkjennelser og fakta preges landskapet av kaos og dilemmaer. Vegen til et tungt og enhetlig borgerlig samarbeid, der Frp er med, synes lang og kronglete. Det kan nettopp skje at et stort Frp etter neste stortingsvalg ikke uten videre vil gi partiet noen parademarsj til regjeringskontorene slik man allerede nå synes å tro er gitt.

## Framsynt?

**Øystre Slidre-politikarane** har teke mot til seg og mot fem røyster vedteke å leggje ned tre barneskular. I framtida blir det barneskular i Rogne og Midtre Hegge og ungdomsskulen på Tingvang som før. Om vedtaket vart gjort for å spare pengar eller skape ein betre skule, vil nok politikarane framleis vera uenige om. Og vil dette vedtaket bane veg for andre Valdres-kommunar?

## Tufte kommune

**Eg ser på** Tufte IL på TV. Og eg kosar meg veldig. Dei har humor og sjølvironi, dei tek ikkje seg sjølv høgtideleg og dei tør å dumme seg ut. Dei er ekte menneske. Eg bryr meg ikkje om fotball og er minst like nerdete på det området som desse mannfolka er. Eg veit ikkje kva offside er, sjølv om eg i mange år var sjåfør og publikum for barna mine. Eg skjønnte sjeldan kva som gjekk føre seg på banen, men likte dette med lagspel og aktive barn. No ser eg altså på desse klønete mennene, nokon spinkle, nokon tjukke, nokon lange, nokon korte. Og eg er meir interessert enn eg nokon gong har vore i ordentlege fotballspelarar med alle sine bilar og damer og hårsveisar. Tufte IL har sjarm, dei har glimt i auga og byr på seg sjølv. Dei er vinnarar sjølv om dei taper.

**Vi i vår kommune** kan få kjensla av å bu i eit samfunn styrt av Tufte-politikarar og byråkratar. Berre at dei har ikkje sjølvironi eller eit flir på lur over eigen inkompetanse. Dei trur at vi trur at dei kan det dei driv på med, sjølv om resultatata gong etter gong seier det motsette. Og så seier ordføraren at vi skal prate eller skrive hyggeleg til kvarandre... Altså er vi tilbake til det standpunkt at det er berre positive og tannlause ytringar ein vil ha her. Slike politikarar

må då vera meir enn offside, dei må vera heilt ute på jordet. Samfunnet kan berre gå framover om nokon peikar på det som kan forbetrast og prøver å gjera noko med det. Eg har sjølv sagt ingenting imot hyggelege menneske som tuslar rundt på jordene sine, problemet oppstår når desse same menneska skal ta viktige vedtak som vedkjem oss alle. Det er då eg får denne Tufte-kjensla...

**Å vera politiker** må vera ei tung og trå oppgåve. Dei skal ta mange innfløkte og vonde avgjerder og samstundes heile tida tenke på at folk skal like dei og partiet deira. Dei skal skåre mål og vinne kampar. Dei ser innbitne og triste ut og når dei tapar, skuldar dei på dårleg bane eller feige lag. Aldri eit smil eller eit resonnement som kan tyde på sjølvinnsikt eller vilje til å endre spelestil. Tufte IL er iallfall klar over at dei ikkje kan det dei driv med og dei tør likevel gjera det. Difor ler vi godt og tilgir dei feilpasningar, sjølvsmål og at dei går på trynet. For dei ler, dei også. Dei er ikkje fulle av oppblåst ego og verdsmeisterfakter.

**Det kan godt** hende at politikarane og byråkratane våre er heilt annleis enn eg trur, mine inntrykk har eg fått når dei står fram i avisa og bortforklarar eller legg skulda på andre eller smør



masse søt glasur over ei kake vi veit er rå inni. Slike dekkoperasjonar fortel meir enn noko anna at her er det mykje å skjule. Det verste er at vi innbyggjarane til slutt ikkje trur på nokon ting eller er mistenksame uansett. For vi er vant til å bli ført bak lyset eller få berre bitar av sanninga.

**Eg skulle ynskje** at dei som sit med makta, var litt modigare. Modige nok til å seie at dei ikkje kan og veit alt, modige nok til å innrømme feilvurderingar og mislykka opplegg. Då ville de kanskje oppleva at innbyggjarane var romslege og rause tilbake og kunne tilgje både tapte kampar og bom på ballen.

## UKE-STREKEN

Dårlig  
veg



Tegning:  
Ola Klåpbakken

**SITATET:** *Vi lever i et elektronisk korthus.*

Øystein Sunde, artist

**PFU**

«VALDRES» ønsker å rette seg etter regler for god presseskikk slik disse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også anledning til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Boks 46, Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40 – faks 22 40 50 55.

e-post: [redaksjonen@avisa-valdres.no](mailto:redaksjonen@avisa-valdres.no)

**VALDRES  
DEBATT**

Lesarbreva bør som hovedregel vera underskrivne med fullt namn. Redaktøren må i alle høve ha innsendarens fulle namn, adresse og telefonnummer. Korte innlegg vil bli prioriterte framfor lange. Vi ynskjer å få flest mogleg av innlegga til Valdres Debatt på e-post eller på cd. Dette vil forenkla handsaminga av stoffet og likeeins sikre at innlegga kjem før på trykk. E-postadressa som kan nyttast er: [redaksjonen@avisa-valdres.no](mailto:redaksjonen@avisa-valdres.no)

## Arbeidstid i skoleverket

**Kommunenes Sentralforbund** (KS) krever vanlig kommunal arbeidstid for lærerne. Det tyder på manglende kunnskap om virkeligheten i skolen. Oppgavene krever fleksibel arbeidstid. Er for eksempel foreldre innstilt på at skolen skal være stengt etter kl. 16, og at foreldermøter og all annen skole-hjem kontakt må foregå innenfor ordinær arbeidstid?

Over 2/3 av lærerne mangler tilfredsstillende arbeidsplass. Få skoler har tilstrekkelig antall møterom og teknisk utstyr. Dette gjør kravet om

8 -16 jobb enda mer urimelig.

Undervisning, elevkontakt og kollegiesamarbeid forgår i skoletiden. De andre oppgavene må vente til andre tidspunkter, men må hovedsakelig falle sammen med elevenes skoleår. Ingen mener vel for alvor at forberedelser og arbeid med tilbakemeldinger til elevene skal skje i sommerferien?

I en offentlig fellesskole har elevene krav på samme antall undervisningstimer uansett hvor de bor. KS vil gi lokale arbeidsgivere full styringsrett på dette. Da har vi ikke lenger en nasjonal skole. Vi vil ikke ha 434 forskjellige varianter som er avhengig av den enkelte kommunes økonomi.

Årsmøtet i Utdanningsforbundet Oppland krever at begrepet undervisning blir tydelig definert. Vi vil ha nasjonal avtale om antall undervisningstimer, tid til for- og etterarbeid og tid til samarbeid til beste for alle elever.

**Uttalelse fra fylkesårsmøtet i Utdanningsforbundet Oppland**

inn i forhold - for igjen å avdekke ulovlig aktivitet på nettet. Tilgjengelighet til nye kommunikasjonsformer har åpnet muligheten for at personer med onde hensikter kan skade, trakassere eller true andre.

Om man liker det eller ikke, så er Internett blitt et nytt, offentlig rom, og virksomheten som foregår på nettet har konsekvenser for det som skjer i det offentlige rom. Internett-overgrepene kan blant annet omfatte misbruk av person- og kredittkortopplysninger, spredning av overgrepbilder av barn, «grooming», og en lettere tilgjengelighet til narkotika eller ulovlige medisinske preparater. Vi har også erfart at organiserte kriminelle bruker Internett som kommunikasjonskanal for sine nettverk.

For Arbeiderpartiet er det viktig at politiet får muligheten til å utvikle metoder og strategier for å bekjempe kriminalitet knyttet til nye kanaler og arenaer for kriminell virksomhet. Derfor bør politiets muligheter for å forebygge og bekjempe kriminalitet ved kontroll og tilstedeværelse på nettet utredes og videreutvikles. Vi ser for oss en form for Internett-patroljering. Denne kan foregå som ledd i det forebyggende arbeide, og bør i etterforskning være en naturlig politioppgave på nasjonalt nivå hos Kripos, og lokalt i politidistriktene.

**Anne Marit Bjørnflaten  
Storingsrepresentant (Ap)  
Leder Justiskomiteen**

## Dugnadsånden

**At dugnadsånden** er høyst i live, fikk vi nok en gang en bekreftelse på da den årlige dugnaden ble holdt på Begnadalen kirkegård lørdag.

Rundt 30 sambygdinger møtte opp. Med river, trillebærer og godt humør gikk arbeidet raskt og effektivt, og en velstelt kirkegård kunne nok en gang ta imot nasjonaldagen og en ny sommer.

Etter endt arbeid var det kaffe og kringle i solveggen, mens pratene gikk om løst og fast. Slik ble timene ikke bare ei arbeidsøkt, men også ei sosial stund.

**Menighetsrådet**

## KS-svikt = konflikt

I eit intervju med Norsk S nr. 16/1999 uttalte leiaren i Kommunenes Sentralforbund (KS), Halvdan Skard: «Jeg håper på dialog. Kommunene og lærerne har så mange fellesinteresser» ... «Vårt utgangspunkt er at det skal være en grunnleggende forutsetning at inngåtte avtaler mellom partene bare kan forandres ved nye avtaler. Det betyr at når kommunesektoren overtar forhandlingsansvaret, går den inn i statens sted. Blir det dårligere vilkår, må det være fordi partene endrer avtalen. Det er ikke snakk om at lærerorganisasjonene skal gjøre knefall for KS!»

No har pipa fått ei anna låt. KS har lagt fram krav (eller «tilbod», som dei kallar det) som dei veit er ei krigserklæring for lærarane. Etterpå blir dei fornærma fordi lærarane stiller spørsmål om KS veit kva dei driv med. Ein må verkeleg spørje: Er det *konflikt* eller forhandlingar som er det viktigaste for KS?

Når avstanden mellom partene er stor, bør ein ikkje prøve å nå fram til semje med ein litt lengre tidshorison? Innser ikkje KS at dei ber om bråk når dei stiller krav som liknar svært på ultimatum?

Det er gode grunnar til at lærarane er skeptiske til å gje meir styringsrett til KS:

n Klasedelingstalet blei oppheva, ja til og med nemninga «klasse» forsvann. I staden fekk vi forsikringar om at ressursane skulle vera like store som før, og gruppene skulle vera «pedagogisk forsvarlege». Alle lærarar og dei fleste foreldrar har opplevd at dette har ført til elevgrupper med langt fleire elevar enn dei gamle klassene hadde. Kvar er vilje og ressursar, KS?

n Rammetimetalet forsvann, saman med det sentrale ressursrundskrivet. Men kommunane skulle få like mykje som før i rammetilskottet. Det er mange år sidan skulane hadde ressursar som var *minstekrav* før.

n Skulane er prega av fattigdom, gammalt og dårleg materiell og for låg bemanning. Kommunane har gjennom mange år hatt dårleg økonomi. KS blir difor ikkje trudd når dei hevdar



at dei er interessert i ein betre skule. Vi treng ikkje interesse frå KS. Vis oss pengane!

KS vil at lærarane skal arbeide meir enn før. Dei seier at det er sjølv sagt at lærarane må ha tid til å førebu undervisninga, og tid til evaluering, møte og planlegging. Bra! Gje oss eit tal, takk. Det er latterleg at KS seier at dette skal avtalast lokalt og etter individuelle vurderingar. Det tyder i praksis at lærarane er i lomma på rådmann eller rektor, og der vil vi ikkje vera. Slike kommunale avtaler hadde vi før krigen, men det er det vel ingen i KS som hugsar. Det var i si tid grunnen til at staten overtok forhandlingsansvaret for lærarane.

Kvifor insisterer lærarane på eit skilje mellom undervisning og anna arbeid? Kan dei ikkje berre godta at ein time er ein time, og stole på at kvar kommune kjem fram til ei undervisningsplikt som er rimeleg?

Med god hjelp av statleg sulteføring har KS vist oss korleis økonomiske omsyn tel meir enn faglege, og overkøyrer krava til gode velferdstilbod. Derksom KS får avgjere undervisningsplikta, vil ho bli sett under press. For lærarane er det eitt feitt om det er noko KS ønskjer, eller noko dei blir tvinga til.

Ei sentral avtale om undervisningsplikt gjer det vanskelegare å skjere i undervisningstilbodet. Difor er ei sentral avtale bra for læraren, eleven og skulen. Det burde også vera bra for KS.

Den skulefaglege kompetansen i KS imponerer ingen. Arrogansen er derimot imponerende. 80.000 rasande lærarar var nyleg ute på gatene, fordi KS vil rive ned 50-års opparbeidde rettar. Kan ikkje nokon i KS få tak i ein ABC i forhandlingsteknikk?

**Jan Henrik Bakke**

## NOTERT

Kåre Strande

## 17. mai før og no

**Enkelte ting** gløymer du aldri. På 17. mai kjem minna tilbake om då ein var liten gutunge og gledde seg til 17. mai, på Robøle. For dei av dykk som ikkje er innvidde i det gamle «kulturlandskapet» i Etnedal, var Robøle staden der dei som budde i den søre delen av Etnedal feira 17. mai, fram til sentralskulen tok over rolla mot slutten av 1960-talet.

**Ein glede seg** verkeleg stort til 17. mai, og med rette. Med ein oransje papirsetel bretta i to, godt dytta ned i lomma, høgtiddeleg overrekk frå far tidleg på morgonen, kunne du med rak rygg gå fram til kioskdissen og bestille pølse, is og brus. Pølse åt du berre på 17. mai. Is fekk du tak i berre på sumaren, og brusen (les Solo) var garantert den fyrste flaska du held i handa dette året. Kva var det då som ga denne kjensla av lykke, og kva kan vi gjera for at våre eigne ungar skal få oppleve den same kjensla?

Eg trur det blir vanskeleg. I 2006 et dei aller fleste både is og pølse nærast kvar einaste av dei 364 dagane i året vi ikkje feirar 17. mai. Kva blir då så gromt med å ete dette også denne dagen? Eg tenkjer det same om brusen. Dottera på fire lik ikkje brus, så den er no grei, men det er annleis med is og pølser. Det lik ho, idet ho seier: «Jeg elsker pølse».

**Men elsker** ungane av i dag 17. mai, eller er det berre vi vaksne som mistar fokus og likevel trur at vi tviheld på tradisjonane? Vi skal vise både oss sjølve og ungane fram i finstasen. Blir dette viktigare enn å feire nasjonaldagen?, eller som ungane sjølve så fint seier det, Norges bursdag. Forventningane både frå barnehagen og skulen blir skrudd i vêret, og ungane spør i vekevis kor mange dagar det er til 17. mai. I år merka eg nedturen frå veslejenten. 17. mai vart ikkje heilt som forventa. Kanskje var det pappas feil, som måtte jobbe? Eg veit ikkje, men lykka eg opplevde som liten kunne eg ikkje finne att i augo til dottera mi på fire. Robøle var som å komme til himmels, i 1966.

# To barneskular i Øystre Slidre



**FORESLO UTSETTING:** Knut Oddvar Rogne (KrF) ville utsette skulesaka til etter kommunevalet i 2007.



**VILLE HA TRE:** – Alternativet med tre barneskular er for dårleg utgreidd, hevda Ola Fjelltun (Sp)



**SAMORDNA OMSYN:** – Vi er ute etter kvalitet, fastslo Gustav Fystro. Han var leiar i ad hoc-utvalet som utgreidde skulestrukturen.

**Med overveldande fleirtal vedtok Øystre Slidre kommunestyre torsdag å redusere talet på barneskular frå seks til to. Midtre Hegge er kompromissløyninga i nord. Rogne skule ligg støtt i sør.**

– Nokon er lei seg. Men dei fleste innser at vi kan ikkje halde fram med seks barneskular. No kan alle glede seg over at borna vil få nye og flotte skulebygg, sa ordførar Gro Lundby då avstemminga var unnagjort.

#### Uavklart byggestart

Dei nye skulane i Rogne og Midtre Hegge kan tidlegast stå ferdige til skulestart neste år. Kanskje må dei eksisterande skulane gjera tenest til vintrar til.

Planlegginga av nybygga vil starte med det same.

#### 70 millionar kroner

Den største investeringa ventar i Midtre Hegge. Både bygningsmassen og uteområdet må utvidast. Arbeidet er lausleg kostnadsrekna til nærare 30 millionar kroner.

Omtrentleg pris for tilbygg og ombygging i Rogne er anslått til

25 millionar kroner. Ombygginga av ungdomsskulen er kalkulert til 15 millionar.

#### Fagleg og politisk

Løyninga med to barneskular kombinerer dei pedagogiske råda med den politiske fellesnemaren.

Det som har prega skuledebatten blant folk flest, er at ein er seg sjølv nærast. Politikarane var klar over at det var uråd å finne fram til ei løyning som alle ville bli glade for.

#### Utan opplagt alternativ

Dei fleste vil ha ein barneskule nær der ein bur. Samtidig er det få som har tru på at den eksisterande strukturen med seks bitesmå skular er noko å bygge framtida på. Det kom tydeleg fram både gjennom prosessen det siste året og i den tre timars drøftinga i kommunestyret torsdag.

Alternativet har ikkje peikt seg naturleg ut. Mange – og dei aller fleste i midtbygda – meiner at ein skule er mest framtidretta. Den måtte i så fall plasserast i Tingvang-området, ikkje langt unna ungdomsskulen.

Avstanden til ytterendane av kommunen var grunnen til at stordelen av politikarane såg bort frå alternativet med berre ein skule.

#### Ville unngå små skular

Politisk plankekjøring ville vera å satse på tre skular; ein i

nord, ein i sør og ein midt på i tilknytning til ungdomsskulen. Fleirtalet stolte på dei faglege råda som seier at ei slik løyning ville gje for små skular.

– Sjølv om eg tilhøyrer eit parti som vil halde på grendeskulane, har eg kome til at også tre skular ville gje for små læremiljø og utilfredsstillande utviklingsforhold for lærarane. Eg støttar innstillinga frå rådmannen om to skular, sa Bente Oxhovd i Senterpartiet.

#### Kompromiss med kvalitet

– Vi er ute etter kvalitet. Små skular gir sårbar tilstandar. Med to skular får vi store nok læremiljø og fleksible løyningar for moderne pedagogikk, konkluderte Gustav Fystro (V).

Han var leiar i ad hoc-utvalet som utgreidde ulike modellar for skulestrukturen.

#### Fem ville utsette saka

Ingen i kommunestyret tok til orde for å oppretthalde dei seks barneskulane som kommunen har i dag. Men Knut Oddvar Rogne (KrF) meinte at dei folkevalde ikkje hadde godt nok grunnlag til å vedta ei endring av skulestrukturen. Han foreslo å utsette vurderinga av skulestrukturen til etter kommunevalet i 2007.

– Det vil vera udemokratisk å presse fram eit vedtak med det grunnlaget vi har i dag. Dessutan er eg tvilsam til at simpelt fleirtal er tilstrekkeleg til å avgjera ei så

stor sak, sa Rogne.

Utsettingsforslaget fekk fem stemmer.

#### Også bygdepatriotisme

Kommunestyret bestod av 20 medlemmer. Wenche Skogen (Frp) måtte forlate møtet på grunn av sjukdom i familien.

Sjølv om omsyna til kvalitet prega haldningane, var det ikkje fritt for at bygdepatriotismen kom til uttrykk i avstemmingane. Ingen av dei tre største partigruppene – Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Venstre – framstod samla.

#### Avstemminga

Tre stemte for forslaget frå Marit Synnøve Opheim (Ap) og Framstegspartiet om å samle alle barneskuleelevane i ein skule.

Seks stemte for forslaget frå Håkon Johs. Skarstad (V) og Senterpartiet om tre skular.

Med 15 for og 5 mot vart det vedteke å bygge framtida på to barneskular.

At den eine skulen skal vera Rogne, fekk full oppslutning.

Fire gjekk inn for at den nørre skulen skal vera i Beito. Deretter vedtok eit fleirtal på 17 å legge den nørre skulen til Midtre Hegge.

#### Egil Heggen

egil@avisa-valdres.no



## Skulen i dag

Rogne:	112	1-7
Volbu:	37	1-4
Øsbus:	32	5-7
Heggebø:	28	1-4
Midtre Hegge:	35	1-7
Beito:	41	1-7

Barneskulane har i vinter hatt 285 elevar. Tabellen viser elevtalet ved dei enkelte skulane, årstrinna i siste kolonne. I tillegg har ungdomsskulen 139 elevar.

## Om to år

	2005	2008
Rogne	112	159
Midtre Hegge	35	114

Tabellen viser elevtala ved dei to barneskulane denne vinteren og frå hausten 2008.

## Møte i festsalen

Mange møtte fram då kommunestyret skulle behandle skulesaka torsdag. Fordi det er plass til berre 10-12 tilhøyrarar i kommunestyresalen på Tingvang, vart behandlinga av saka flytta til festsalen. 26 tilhøyrarar følgde debatten.





## Ein og tre

– Med effektiv skyss ville det bli litt over ein halvtimes kjøretid frå Skrebergo. Men det kan ikkje styre skuledebatten. Det viktigaste med å samle oss om ein skule, er at skulen kunne leggast nær fellesanlegga og sentrumsfunksjonane i kommunen. Det ville også vera den beste løysinga den dagen heildagsskulen er eit faktum. Den er truleg ikkje langt unna – der

både musikk, idrett og andre kulturaktivitetar blir lagt inn som ein del av skuledagen, sa Kåre Sunnvoll (Ap).

Ingen av dei folkevalde foreslo å oppretthalde den eksisterande ordninga med fem barneskular. På vegner av fleirtalet i Senterpartiet foreslo Ola Fjellum tre barneskular – noko som ville sikra ein barneskule også i midtdelen av kommunen.

**Tydeleg haldning:** At Øystre Slidre skal ha berre to barneskular, og at den nørre skal ligge i Midtre Hegge, fekk overveldande fleirtal i kommunestyret torsdag.

**Ingen i kommunestyret tok til orde for å oppretthalde dei seks barneskulane som kommunen har i dag.**

# Aktiviteket flytter til hotellet

**Quality Hotel & Resort Fagernes vil videreutvikle sin velværeprofil, og har fått flere sentrale aktører med på laget.**

I løpet av få månader vil blant annet Aktiviteket flytte hele sin virksomhet til hotellet.

– Det er ikke bare Aktiviteket som skal inn i lokalene, men også fysioterapeut, osteopat og kiro-

praktor. Dette vil bli et totalt senter for helse og velvære, sier Ellen Berntsen.

Rune Lexberg tar med seg sin akupunktur og osteopatklinikk inn i det nye konseptet. Aktiviteket har nylig fått en ny fysioterapeut fra Nederland med på laget, i tillegg til at en kiropraktor fra Lillehammer er veldig interessert. Berntsen sjøl har nylig avsluttet videreutdanning innen forebyggende helse, og ønsker å kunne bidra til nysatsingen også på dette feltet.

– Ønsket fra vår side er å kunne gi noe tilbake til hotellet som de

kan selge, med nye tilbud både for våre medlemmer og hotellets gjester. I tillegg håper vi at dette vil gå på bølgelengde med merkevareprosjektet i Valdres, med sunn mat, mosjon, mental balanse og god helse som totalkonsept, sier Berntsen, som forteller at de involverte partene har vært i forhandlinger lenge, og at det nå bare er sluttprosessen som gjenstår.

Det er hele den gamle kongressdelen som skal gjøres om og pusses opp, noe som vil gi det nye konseptet god plass – og egen inngang i retning JVB-tomta.

– I tillegg til større plass både for trening og sosialisering, gir disse lokalene oss mulighet til vannaktiviteter og uteaktiviteter. Våre medlemmer vil få et mye bedre tilbud, sier Berntsen.

Målet er at flyttingen skal være gjennomført i september/oktober.

**Mona Strande**

mona@avisa-valdres.no  
61364260

## Vedtok reguleringsplan for Raudalen

